

Læreplan i vg3 snikkarfaget med fordjupingsområde

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 19. mars 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 frå Kunnskapsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2022

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Vg3 snikkarfaget handlar om å produsere vindauge, dører, trapper og innreiingar til bustader og næringsbygg og innreiing av skip og køyretøy. Faget skal gjere lærlingane i stand til å handtere materialar, bruke maskiner og setje saman og montere ulike produkt. Faget bidreg til samfunnet gjennom å utdanne yrkesutøvarar som bruker råvarer og produksjonsteknikkar som sikrar kostnadseffektivitet, framstiller treprodukt som gir varige og miljøvennlige og energieffektive produkt, og sikrar estetisk uttrykk.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnlaget for opplæringa. Vg3 snikkarfaget skal bidra til skaparglede og engasjement når lærlingane framstiller treprodukt med varige miljøvennlige og energieffektive kvalitetar. Krittisk tenking og etisk medvit blir fremja gjennom val av berekraftige materiale, verktøy og arbeidsmetodar. Effektiv og miljøvennleg ressursutnytting og gjenbruk av materiale vil òg vere med på å fremje respekt for naturen og miljøet. Vidare skal faget bidra til at lærlingane får kunnskap om kva pliktar og rettar arbeidsgivaren og arbeidstakaren har, og om trepartssamarbeidet der arbeidsgivarane, arbeidstakarane og styresmaktene jobbar saman for å utvikle eit betre arbeidsliv. Gjennom dialog og refleksjonar om krav og forventningar til eit likeverdig og inkluderande yrkesfellesskap får lærlingane auka forståing for verdien av kulturelt mangfald i bygg- og anleggsbransjen.

Kjerneelement

Produksjon av trevarer

Kjerneelementet produksjon av trevarer handlar om å ta imot, kontrollere og bruke råvarer til å produsere og ferdigstille vindauge, dører, trapper og innreiingar. Dette kjerneelementet handlar om å utnytte eigenskapane råvarene har, bruke dei på best mogleg vis og sikre at sluttprodukta blir haldbare og estetisk utforma. Å risikovurdere arbeidsprosessane og drifte og halde ved like utstyr er òg ein del av dette kjerneelementet.

Kvalitetssikring av produkt og arbeidsprosessar

Kjerneelementet kvalitetssikring av produkt og arbeidsprosessar handlar om å planleggje, gjennomføre og vurdere arbeidsoppdrag med tanke på kostnadseffektivitet og miljøbelastning. Vidare handlar det om å konstruere produkt, følgje toleransekrav, vurdere kvaliteten på produkta og sikre produkta ved transport. Å utnytte ressursar, handtere avfall og gjenvinne produkt er òg ein del av dette kjerneelementet.

Helse, miljø og sikkerheit

Kjerneelementet helse, miljø og sikkerheit handlar om å identifisere og hindre situasjonar som er ein fare for liv og helse når ein framstiller treprodukt. Dette kjerneelementet handlar òg om å risikovurdere arbeidet i samsvar med gjeldande regelverk og gjennomføre sikker jobb-analyse. Vidare handlar kjerneelementet om å bruke utstyr og maskiner og arbeide i samsvar med gjeldande system og tiltaksplan for helse, miljø og sikkerheit. Det handlar òg om å identifisere og forhindre situasjonar som utgjør ein fare for liv og helse. Å kommunisere med kollegaer og andre yrkesutøvarar og drøfte ulike løysingar som medverkar til å verne det indre og ytre miljøet, er òg ein del av dette kjerneelementet.

Tverrfaglege tema

Berekraftig utvikling

I vg3 snikkarfaget handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om å reflektere rundt materialval og energieffektive løysingar og ut frå miljøomsyn. Vidare handlar det om berekraft gjennom avfallshandtering og gjenbruk. Det handlar òg om å utvikle medvit om dei økonomiske, miljømessige og sosiale dimensjonane knytte til berekraftig utvikling gjennom ei kritisk vurdering av produkt, materialar og konstruksjonar.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i vg3 snikkarfaget inneber å kunne lytte til og gi respons i spontan og førebudd samtale. Det inneber òg å kunne bruke fagterminologi i kommunikasjon med andre, reflektere over og drøfte moglege val og løysingar og tilpasse kommunikasjonen til mottakaren og formålet.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i vg3 snikkarfaget inneber å bruke fagterminologi til å utforme tekstar tilpassa mottakaren og formålet. Det inneber å kunne utforske og reflektere over faglege emne og problemstillingar og rapportere om og dokumentere arbeid.

Å kunne lese

Å kunne lese i vg3 snikkarfaget inneber å finne og vurdere informasjon i ulike tekstar, arbeidsbeskrivingar, teikningar, bruksrettleiingar, standardar og toleransestandardar og regelverk. Det inneber òg å kunne samanlikne, tolke informasjon og trekkje faglege slutningar ut frå kjent og ukjent fagstoff.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i vg3 snikkarfaget inneber å kunne hente ut, beskrive og tolke informasjon frå talmateriale. Det inneber òg å kunne berekne lengd, areal, volum og vekt i samband med arbeidsoperasjonen. Det inneber òg å kunne berekne radiusar, vinklar og prosentar og å bruke målestokk.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i vg3 snikkarfaget inneber å kunne bruke digitale ressursar til å rapportere, dokumentere og kommunisere. Vidare inneber digitale ferdigheiter å kunne søkje etter og innhente informasjon og vurdere kor truverdig informasjonen er. Det inneber òg å kunne vurdere eiga rolle på nettet og utøve god digital dømmekraft.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering vg3 snikkarfaget med fordjuping i innreiing

Kompetansemål etter vg3 snikkarfaget med fordjuping i innreiing

Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne

- planleggje å produsere produkt, arbeide etter teikningar, beskrivingar, preaksepterte løysingar og toleransekrav og vurdere arbeidet med tanke på arbeidsoppdraget, kostnadseffektivitet og verknader for miljøet
- utarbeide produksjonsplanar, ta imot, handtere og lagre råvarer og materialar og kontrollere kvalitet og mengd i tråd med arbeidsoppdraget
- vurdere ulike faktorar som kan redusere varmeutvikling og brannsmitte
- risikovurdere produksjonsprosessen, gjennomføre ein sikker jobbanalyse, rapportere om uønskte hendingar og settje i verk tiltak
- bruke fagterminologi i kommunikasjon med kollegaer og andre yrkesutøvarar og drøfte løysingar som medverkar til å minimere miljøavtrykk og sikre effektiv ressursutnytting
- arbeide i tråd med ergonomiske prinsipp og reflektere over konsekvensar av støy, støveksponering og bruk av kjemikaliar
- velje og bruke ulike limtypar og samanføyingsteknikkar og vurdere korleis valet påverkar styrken og samanføyinga i konstruksjonen
- framstille produkt, vurdere konsekvensar av fukt i materialane og luftfukt i bygget og settje i verk tiltak
- gjere greie for produksjon av innreiing, dører, vindauge og trapper og drøfte forskjellane i produksjonsmetodar

- vurdere behov for vedlikehald av utstyr, setje i verk tiltak og reflektere over kva faktorar ved vedlikehald som sikrar drifta og produktkvaliteten
- velje produksjonsmetode, stille inn og programmere maskiner etter arbeidsoppdraget og reflektere over konsekvensar av vald metode
- forbehandle og overflatebehandle ulike produkt og vurdere korleis valet av produkt og metodar påverkar sluttproduktet
- kontrollere, pakke, emballere og kvalitetssikre ulike typar produkt for transport og vurdere kva faktorar som vernar produkta mot ytre påkjenningar
- gjere greie for og bruke kvalitetssikringssystem og vurdere og dokumentere eige arbeid
- kjeldesortere, handtere avfall etter gjeldande regelverk, vurdere om gjenbruk er mogleg, og reflektere over konsekvensar av feilhandtering
- arbeide etter regelverk og avtalar som regulerer arbeidsforholdet i faget, gjere greie for kva plikter og rettar arbeidsgivaren og arbeidstakaren har og reflektere over krav og forventningar som blir stilte til eit likeverdig og inkluderande yrkesfelleskap
- utføre grunnleggjande førstehjelp
- kartleggje forhold og ta mål på monteringsstaden og gjere greie for korleis elektriske installasjonar, ventilasjon, røyranlegg og byggmessige avvik påverkar konstruksjonen og prosessen fram til ferdig montert produkt
- designe, teikne og konstruere innreiingar digitalt og vurdere estetisk uttrykk, funksjonalitet og kor lett innreiinga er å montere
- velje materialar, beslag, festemiddel og samanføyingsmetodar og drøfte faktorar som sikrar funksjonen og bereevna i konstruksjonane
- montere og ferdigstille innreiingar i samsvar med spesifikasjon og drøfte faktorar som sikrar design, funksjon, forankring og estetisk uttrykk

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Lærlingane viser og utviklar kompetanse i vg3 snikkarfaget med fordjuping i innreiing når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i faget.

Instruktøren skal leggje til rette for lærlingmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Instruktøren skal vere i dialog med lærlingane om utviklinga deira i vg3 snikkarfaget. Lærlingane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistarar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Instruktøren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at lærlingen kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i faget.

Kompetansemål og vurdering vg3 snikkarfaget med fordjuping i dør og vindauge

Kompetansemål etter vg3 snikkarfaget med fordjuping i dør og vindauge

Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne

- planleggje å produsere produkt, arbeide etter teikningar, beskrivingar og preaksepterte løysingar og vurdere arbeidet med tanke på arbeidsoppdraget, kostnadseffektivitet og verknader for miljøet
- utarbeide produksjonsplanar, ta imot, handtere og lagre råvarer og materialar og kontrollere kvalitet og mengd i tråd med arbeidsoppdraget
- vurdere ulike faktorar som kan redusere varmeutvikling og brannsmitte
- risikovurdere produksjonsprosessen, gjennomføre ein sikker jobbanalyse, rapportere om uønskte hendingar og setje i verk tiltak
- bruke fagterminologi for å kommunisere med kollegaer og andre yrkesutøvarar og drøfte ulike løysingar som medverkar til å minimere miljøavtrykk og sikre effektiv ressursutnytting
- arbeide i tråd med ergonomiske prinsipp og reflektere over konsekvensar av støy, støveksponering og bruk av kjemikalier
- velje og bruke ulike limtypar og samanføyingsteknikkar og vurdere korleis valet påverkar styrken og samanføyinga i konstruksjonen
- framstille produkt, vurdere konsekvensar av fukt i materialane og luftfukt i bygget og setje i verk tiltak
- gjere greie for produksjon av inreing, dører, vindauge og trapper og drøfte forskjellane i produksjonsmetodar
- vurdere behov for vedlikehald av utstyr, setje i verk tiltak og reflektere over kva faktorar ved vedlikehald som sikrar drifta og produktkvaliteten
- velje produksjonsmetode, stille inn og programmere maskiner etter arbeidsoppdraget og reflektere over konsekvensar av vald metode
- forbehandle og overflatebehandle ulike produkt og vurdere korleis valet av produkt og metodar påverkar sluttproduktet
- kontrollere, pakke, emballere og kvalitetssikre ulike typar produkt for transport og vurdere kva faktorar som vernar produkta mot ytre påkjenningar
- gjere greie for og bruke kvalitetssikringssystem og vurdere og dokumentere eige arbeid
- kjeldesortere, handtere avfall etter gjeldande regelverk, vurdere om gjenbruk er mogleg, og reflektere over konsekvensar av feilhandtering
- arbeide etter regelverk og avtalar som regulerer arbeidsforholdet i faget, gjere greie for kva plikter og rettar arbeidsgivaren og arbeidstakaren har og reflektere over krav og forventingar som blir stilte til eit likeverdig og inkluderande yrkesfelleskap
- utføre grunnleggjande førstehjelp

- velje materialar og vurdere kva faktorar som påverkar eigenskapane, levetida, styrken og stabiliteten, sikkerheita og det estetiske uttrykket til sluttproduktet
- drøfte ulike faktorar som påverkar isoleringsevna, lyd, lys, vask og risiko for knusing
- velje glas og konstruksjonsmetode i samsvar med spesifikasjon om isoleringsevne og settje inn glas
- reflektere over korleis montering av beslag og glas medverkar til å redusere brann og innbrot, velje beslag og sette sammen karm og ramme
- velje konstruksjon og drøfte eigenskapar ved konstruksjonen som tilfredsstillar krava til rømmingsveg
- velje og bruke impregneringsmetode og vurdere kva faktorar som påverkar levetida til produktet

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Lærlingane viser og utviklar kompetanse i vg3 snikkarfaget med fordjuping i dør og vindauge når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i faget.

Instruktøren skal leggje til rette for lærlingmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Instruktøren skal vere i dialog med lærlingane om utviklinga deira i vg3 snikkarfaget. Lærlingane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistarar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Instruktøren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at lærlingen kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i faget.

Kompetansemål og vurdering vg3 snikkarfaget med fordjuping i trapp

Kompetansemål etter vg3 snikkarfaget med fordjuping i trapp

Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne

- planleggje å produsere produkt, arbeide etter teikningar, beskrivingar og preaksepterte løysingar og vurdere arbeidet med tanke på arbeidsoppdraget, kostnadseffektivitet og verknader for miljøet
- utarbeide produksjonsplanar, ta imot, handtere og lagre råvarer og materialar og kontrollere kvalitet og mengd i tråd med arbeidsoppdraget
- vurdere ulike faktorar som kan redusere varmeutvikling og brannsmitte
- risikovurdere produksjonsprosessen, gjennomføre ein sikker jobbanalyse, rapportere om uønskte hendingar og setje i verk tiltak

- bruke fagterminologi for å kommunisere med kollegaer og andre yrkesutøvarar og drøfte ulike løysingar som medverkar til å minimere miljøavtrykk og sikre effektiv ressursutnytting
- arbeide i tråd med ergonomiske prinsipp og reflektere over konsekvensar av støy, støveksponering og bruk av kjemikaliar
- velje og bruke ulike limtypar og samanføyingsteknikkar og vurdere korleis valet påverkar styrken og samanføyinga i konstruksjonen
- framstille produkt, vurdere konsekvensar av fukt i materialane og luftfukt i bygget og setje i verk tiltak
- gjere greie for produksjon av inreining, dører, vindaug og trapper og drøfte forskjellane i produksjonsmetodar
- vurdere behov for vedlikehald av utstyr, setje i verk tiltak og reflektere over kva faktorar ved vedlikehald som sikrar drifta og produktkvaliteten
- velje produksjonsmetode, stille inn og programmere maskiner etter arbeidsoppdraget og reflektere over konsekvensar av vald metode
- forbehandle og overflatebehandle ulike produkt og vurdere korleis valet av produkt og metodar påverkar sluttproduktet
- kontrollere, pakke, emballere og kvalitetssikre ulike typar produkt for transport og vurdere kva faktorar som vernar produkta mot ytre påkjenningar
- gjere greie for og bruke kvalitetssikringssystem og vurdere og dokumentere eige arbeid
- kjeldesortere, handtere avfall etter gjeldande regelverk, vurdere om gjenbruk er mogleg, og reflektere over konsekvensar av feilhandtering
- arbeide etter regelverk og avtalar som regulerer arbeidsforholdet i faget, gjere greie for kva plikter og rettar arbeidsgivaren og arbeidstakaren har og reflektere over krav og forventingar som blir stilte til eit likeverdig og inkluderande yrkesfelleskap
- utføre grunnleggjande førstehjelp
- byggje trapp i samsvar med gjeldande regelverk og drøfte korleis avvik i bygningskonstruksjonen kan påverke sluttproduktet
- velje og bruke ulike måleverktøy, måle trappeopningar og vurdere korleis lengd, breidd, høgd og vinklar påverkar trappekonstruksjonar
- teikne og konstruere trapp digitalt og vurdere kva faktorar som optimaliserer funksjonen, påverkar designet og hindrar ulukker
- velje materialar, festemiddel og samanføyingsmetodar og drøfte faktorar som sikrar styrken og funksjonen til konstruksjonen
- velje og bruke råvarer til trapper og vurdere kva faktorar som påverkar eigenskapane, levetida, styrken, sikkerheita og det estetiske uttrykket til sluttproduktet
- montere og ferdigstille trapper i samsvar med spesifikasjon og drøfte faktorar som påverkar konstruksjon og styrken i trappa

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Lærlingane viser og utviklar kompetanse i vg3 snikkarfaget med fordjuping i

trapp når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i faget.

Instruktøren skal leggje til rette for lærlingmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Instruktøren skal vere i dialog med lærlingane om utviklinga deira i vg3 snikkarfaget. Lærlingane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Instruktøren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at lærlingen kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i faget.

Vurderingsordning

Sluttvurdering

Før sveineprøva må alle som ikkje har følgd normalt opplæringsløp, ha bestått ein skriftleg eksamen laga ut frå læreplanen i faget. Eksamen blir utarbeidd sentralt og sensurert lokalt. Eksamen skal ikkje ha førebuingssdel.

Opplæringa i vg3 snikkarfaget skal avsluttast med ei sveineprøve. Alle skal opp til sveineprøva, som skal gjennomførast over minst fem yrkedagar.